

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 01.09.2023

Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune meiner at framlegget har potensiale til å bli ein god kulturmiljøplan for Austrheim kommune.
2. Vestland fylkeskommune meiner at planframlegget er innhaldsrikt, men uferdig. Austrheim kommune vert oppmoda til å arbeide vidare med kulturmiljøplanen. Særleg gjeld dette å etablere tenlege omsynssoner der ein gjer bruk av plan og- bygningslova til å sikre vern av prioriterte kulturminne under rullering av kommuneplanen sin arealdel.
3. Handlingsplanen har ei rekkje tiltak som langt på veg svarer på dei utfordringane kulturminna i Austrheim står andsynes. Vestland fylkeskommune er nøgd med at kommunen har løyvd midlar til tilskotsordningar for formidling av kulturminne og for vern og vøling av kulturminne i Austrheim.